

Festitaren med høg underhaldningsfaktor.

07.08.2016



Line Steffensen Holmedal vart årets Kongekrabbe då ho vann over Sjur Langesæter i finalen.

Festidalen sin variant av Meistrenes Meister, Festitaren, slo godt an hos publikum i alle aldrar også i år. Det er tredje året Festitaren er på programmet, og konkurransemessig var spenninga knytta til om ein mann endeleg skulle visa seg som den sterkeste etter sigrar ved Tone Lillesletten og Marianne Korsvoll dei to føregåande åra.



Taskekrabbane Solveig Haugland, Lene Mehl og Bernt Rusten viste framfrå dugleik som campingturistar

Som vanleg var konkuransen inndelt med 3 øvingar i lagkonkurranse først før den vart avslutta med 3 individuelle øvingar og finale. Dei 9 deltakarane vart delt på 3 lag, Taskekrabbane, Flyndrene og Kråkebollane. Gladlaksen Bjarte Døssland hadde kommentatorrolla og krydra det heile med opplysande og mindre opplysande, men morosame kommentarar. Han skapte ein god og uhøgtidelege stemning medan alle rekene sytte for at avviklinga gjekk raskt og greitt slik at dei var ferdige akkurat etter tidsskjema til neste programpost skulle starta. I dei tre lagøvingane vart samarbeidet verkeleg sett på prøve. Først skulle dei visa at dei beherska alt rundt campinglivet. Deretter var det eit par spennande stafettar. Flyndrene kom litt dårleg ut allereie i første øving. Etter nedrigging av camp og symje-/rotur enda det med fall både for deltakarar, båt og grill då dei skulle runda inn på arenaen att. Truleg kan årsaka til velten har vore ar dei to andre på laget ikkje var heilt med på den kraftige høgredreiinga Peder Sjo Slettebø la opp til i svingen.

Elles kjempa ordføraren svært godt, og sjølv om han fekk problem med høgrebindinga alt i starten på skistafetten stod han på like til mål. Gladlaksen Bjarte Døssland fekk likevel rett i førehandsspådommane at det var fare for at Peder kunne ramla mot høgre!

Etter lagøvingane leia Kråkebollane(13 p) føre Taskekrabbane (11) og Flyndrene (6). Også i dei individuelle øvingane var det god innsats av sprekingane. Etter dei tre øvingane var det klart at skifolket Bernt Rusten og Solveig Haugland delte 3. plassen. Line Steffensen Holmedal og Sjur Langesæter kjempa i finalen med å halda vassbøtter på strake armar. Nok ein gang viste kvinnene seg som sterkest, og dermed vart det 2.plass på Langesæter.

Dermed er oppfordringa til alle spreke menn. Start treninga. Neste år kan verta historiske dersom de vert første mann som vert kåra til Kongekrabbe. Til no har berre 3 damer gjort seg fortent tittelen!



Øvinga camping med innlagt bading.



I lagøvinga hesjastaur galt det m.a. å fylla desse vasane raskast mogeleg.



Høgrebindinga rauk i starten for ordføraren



Skifolket viste seg sterkest i denne øvinga!



Penn i flaske.



Øvinga strungjerde. Her vart magemusklane sett på prøve for halda beina mellom dei to trådane.



Finalen mellom Line S. Holmedal og Sjur Langesæter.

Fleire bilete finn de på Festidalen si facebook-side medan de finn oversikt over [alle deltagarane her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Festidalen/Atle Helland